



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Formannskapet	

Reguleringsplan Åheim sentrum - 2 gangs høyring

Samandrag:

Reguleringsplan for Åheim sentrum med plankart, planomtale og føresegner ligg klart til handsaming for utlegging til 2. gongs offentleg høyring.

Kommunedirektøren si tilråding:

Vanylven kommune vedtek å legge reguleringsplan Åheim sentrum (nasjonal arealplan ID: 1511-201802) ut til 2. gongs offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningsloven § 12 -10 handsaming. Høyringsfrist vert sett til 6 veker.

Vedlegg:

- Dok 01_Planomtale_Åheim sentrum_detaljregulering_21.03.22
Dok 02_Føresegner_Åheim sentrum_detaljregulering_21.03.22
Dok 03_Plankart_Åheim sentrum_detaljregulering_21.03.2022
Dok 04_ROS_Åheim sentrum_detaljregulering_16.03.2022
Vedlegg 1_Trafikknavle_Åheim sentrum_detaljregulering_12.03.22
Vedlegg 2_Barnetråkkregistrering ved Åheim skule_17.02.2022
Vedlegg 3_Flomfarevurdering_Åheim sentrum_detaljregulering_18.08.2021
Vedlegg 4_Stormflo og bølgearalyse_Åheim sentrum_detaljregulering_04.08.2021
Vedlegg 5_Geotekniske grunnundersøkelser_Åheim sentrum_detaljregulering_25.06.2021
Vedlegg 6_Vurdering av områdestabilitet_Åheim sentrum_detaljregulering_04.10.2021
Vedlegg 7_Skredfarevurdering_Åheim sentrum_detaljregulering_25.06.2021
Vedlegg 8_Støyutredning_Åheim sentrum_detaljregulering_22.03.2022
Vedlegg 9_Visualiseringer_Åheim sentrum_detaljregulering_2022
Vedlegg 10_Oppsummering av innspill ved varsel om oppstart i 2018_Åheim sentrum_detaljregulering
Vedlegg 11_Oppsummering av merknader ved 1.gangs off.etersyn i 2020_Åheim sentrum_detaljregulering_08.03.2022
Vedlegg 12_Arkeologisk rapport_Åheim sentrum_detaljregulering_2021

Saksopplysningar:

Oppstart av planarbeidet detaljregulering Åheim sentrum vart vedteke i formannskapet 26.06.2018. Planarbeidet vart varsle av kommunen den 15.08.2018 gjennom brev, avisannonse og oppslag på heimesida. Planen vart lagt ut til første gong offentleg høyring i 2020. Det kom inn mange merknadar og motsegner til denne planen, som har kravd ein del endringar ved andre gongs handsaming.

Norconsult har på vegne av Vanylven kommune utarbeidd ein revidert reguleringsplan for Åheim sentrum. Reguleringsplanen skal sikre ein meir framtidsretta infrastruktur for fylkesvegane på Åheim og særleg der tre fylkesvegar møtast i eit «skeivt» X-kryss som utgjer eit vesentleg faremoment med omsyn til trafikktryggleik og tryggleik for mjuke trafikantar.

Sekundært skal planen legge opp til ei meir langsiktig utvikling av Åheim både med sentrumsutbygging, næringsverksemd, fritid og turisme samt fleire bustadar. Det er planlagt ei rundkjøring på fylkesvegen som oppfyller krava i SVV handbok og som vil forbetra trafikkbiletet og auke trafikktryggleiken betrakteleg.

Det har i planarbeidet vore fokus på å ta vare på eksisterande næringsverksemd på Åheim. Samstundes tilrettelegg planen for at sentrum skal bli meir attraktivt for rekreasjon og opphold både for innbyggjarane på Åheim, men også for turistar. Det er ønskeleg å gjere Åheim til ein destinasjon der turistar både stoppar og blir.

Det er planlagt fortau på sørsida av St.Jetmund-vegen og målet er legge til rette for utvikling av ei handlegate som både vert opplevd trygg og attraktiv.

All rekreasjon og opphold er sentrert rundt elva som gjennom planen har ei tilrettelegging som er reindyrka for mjuke trafikantar og rekreasjonsføremål. Næringsområdet i den sentrale delen av Åheim skal framleis vere næring og ha areal for framtidig utvikling. Mjuke trafikantar vert leia utanom næringsområdet.

For nærmare omtale av planen viser ein til vedlegg i saka.

Vurdering og konklusjon:

Innkomne innspel ved varsel om oppstart i 2018 sett opp og kommentert i vedlegg 10 i saka.

Etter 1 gangs høyring kom det inn 13 merknadar og varsle motsegn på rundt 10 forhold. Desse er kommentert i vedlegg 11, og følgjer i si heilheit saka ved politisk handsaming.

Norconsult har gjort følgjande endringar for å imøtekome merknadar og motsegner i planen etter 1. gongs ettersyn:

- Den vestlegaste delen av planforslaget er teke ut, slik at ny plan grensar inn til reguleringsplanen Åheim Vest småbåthamn (plan-ID: 201001)
- Området lengst vest (St. Jetmund-vegen 94, 96, 98, 100, 102 og 104) er omarbeidd
- Parkeringsplassen aust for St.Jetmund-vegen 94 og 96 er redusert og det er lagt til eit område for campingplass etter ynskje frå eigar av området. Avgrensinga av campingplassen er skråstilt for å ivareta sikt til/frå St.Jetmund kyrkja.
- Område for kyrkje/kyrkjegard er avgrensa litt annleis enn i tidlegare utkast.
- Arealføremålet for Jetmund Gjesteheim er endra frå bustad/tenesteyting (B/T1) til næring/tenesteyting. Arealet vest for gjesteheimen er endra til fritid/turisme.
- Området som i tidlegare plan heitte o_B/T2 er endra til et kombinert føremål for næring/tenesteyting.
- Dobbeltsidig fortau langs St.Jetmund-vegen er teke vekk. Fortau er lagt på sørsida av vegen.
- Vegsystemet i nytt bustadområde (BFS8) er endra og det er føreslege å ta ut to bustadomter for betre å ta omsyn til Skogly. Det er og lagt til fleire leikeplassar i planen.
- Det er ikkje brukt sentrumsføremål i detaljreguleringsplanen. Området som i dag er næringsverksem (Sparelys mm) skal framleis vere næringsverksem (BKB1).
- Gangsamband, parkar og torg inne i næringsområdet er teke vekk. Det er fokusert på å finne løysingar som leier mjuke trafikantar utanom dette området.
- Reguleringsgrensa mot elva er lagt i eksisterande utfylling (inga utfylling i elva, med unntak av ei smal stripe ved vika i vest for å kome forbi bustadhús med ein turveg).
- Busshaldeplass er etter avklaring med Møre og Romsdal fylkeskommune flytta nærrare fylkesvegen, butikkar, bensinstasjon og skule.
- Heile området som tidlegare var føreslege til nye bustadar aust for fylkesvegen er teke ut av planen.
- Området nord i planen som i tidlegare planforslag var avsett til landbruksjord (LL3) og vegetasjonsskjerm (GV2) er endra til næringsføremål (BN).
- Det er gjort støy-, flaum- og bølgeutrekningar og lagt inn faresoner knytt til støy, høgspentleidningar, flaum og bølger på plankartet med tilhøyrande føresegner.
- Det er lagt inn registrerte kulturminne.
- Det er lagt inn avkøyrspiler.
- Rundkøyringa er justert slik at den oppfyller krav i SVV si handbok N100.
- Bygg som blir regulert vekk i planen er markert med kryss over.
- Det er i tillegg utført medverknad av elevar ved Åheim skule m.a. ved bruk av Barnetråkk.
- Det er laga illustrasjonar og fotomontasjar.

Administrasjonen meiner planforslaget kan leggjast ut til 1. gongs høyring til offentlege instansar, grunneigarar og andre med høyringsfrist minst 6 veker frå kunngjering.

Likestillingsmessige sider ved saka:

Konsekvensar for folkehelsa:

Miljøkonsekvensar:

Økonomiske konsekvensar:

Beredskapsmessige konsekvensar:

Konsekvensar for barn og unge:

Andreas Chr. Nørve
kommunedirektør